

# Protokoll frå stiftingsmøte av Alver kulturråd.

Einar Vatne ønskte velkommen til stiftingsmøte av Alver kulturråd.

## 1. Registrering av frammøtte

Alle blei registrert inn i møtet og det var 44 personar tilstades. Fleire lag stillte med 2 representantar og det var ein observatør.

## 2. Godkjenning av innkalling

Ingen merknader til innkallinga.

## 3. Val av møteleiar

Einar Vatne vart valt til møteleiar.

## 4. Val av referent

Per Ole Ekker vart valt til referent.

## 5. Val av 2 personar til å underteikne protokollen

Hilde Alvær Hagesæter og Bjørg Seljelid vart valde til å underteikne protokollen.

## 6. Gjennomgang av forslag til vedtekter

Einar Vatne gjekk kort igjennom bakgrunnen for arbeidsgruppa sitt forslag på vedtekter og nemnte i grove trekk nokre punkter i vedtektena. Nokre tilføyningar blei ført inn.

Endringane samrøystes vedtekne med tilføyningane.

## 7. Val

Interimstyret hadde følgjande forslag på styre, og blei lest opp av Rune Brundtland:

Leiar:	Arild Hagenes	1 år
Styremedlem:	Per Ole Ekker	1 år
«	Jegvan Kaarbø	2 år
«	Raymond Solli	2 år
«	Mette Marei Træland	2 år
«	Sissel Fløysand	1 år
«	Johan Myking	1 år
Varamedlem:	Gro Sundal	1 år
Varamedlem:	Hilde Hagesæter	1 år

Valkomitè og revisor:

Forslag: det nye styret får dette på plass innan våren 2020.

Ingen motforslag på kandidatar og det nye styret var samråystes vedteke.

## 8. Handlingsplan

Nyvalgt leiar Arild Hagenes orienterte kort om forslag til handlingsplanen. Interimstyret har vurdert at det er viktig å byrja i det små, oppgåvene må vere handterlege, slik at belastninga ikkje vert for stor på frivillig basis. Det nye styret må få jobba seg inn og finna si arbeidsform. Frivilligsentralen i Lindås bidrar med administrativ ressurs i ein prosjektperiode. Det vil bli søkt kulturmiddlar til drift av kulturrådet i 2020. Rådet har ikkje anna inntekt enn kommunale midlar.

Det kom inn gode forslag frå salen på punkt i handlingsplanen. Desse punkta er tatt med.

Handlingsplan 2020:

1. Gjere seg godt kjent med laga innanfor kulturfeltet i heile Alver kommune og rekruttere medlemslag til kulturrådet.
2. Registrere medlemar i Alver kulturråd
3. Etablere gode kanalar for informasjon og kommunikasjon (epost, sms, webside, sosiale medier)
4. Gje uttale til fordeling av kulturmiddlar vår og haust 2020
5. Få godkjent ein samarbeidsavtale med Alver kommune
6. Arbeida for at medlemslaga får tenlege vilkår for å bruka/leiga communal eigedom (lokale, utstyr med meir).
7. Etablere kontaktpunkt for vidare oppfølging av regionalt kulturhus

Handlingsplanen samråystes vedteke med tilføyningane.

Knarvik 27. nov 2019

---

Per Ole Ekker, referent

Sign.

Protokollunderskrivarar:

---

Hilde Alvær Hagesæter

Sign.

---

Bjørg Seljelid

Sign.